

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

### Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan «Arkivering og journalføring» og «Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall».

Det vart gjennomført ein idé dugnad der det kom fram desse momenta til problemstillingar i forvaltningsrevisjonane:

#### Arkivering og journalføring

- Jf. mot tilsvarande revisjon i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Er dokument unnateke offentleggjering i tråd med lov.
- Innsyn og meirinnsyn i høve offentleglova
- Vurdering av innsynskrav
- Arkivering av e-post, SMS, telefonsamtalar, lyd, video, sosiale mediar, mv.

#### Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall

- Årsaker kontra tiltak
- Beste praksis innan fylket og over fylkesgrenser, beste kontra andre
- Avstand til skulen frå heimen
- Utvikling over tid samanlikna med andre
- Forskjell på yrkesfag kontra studiespesialiserand
- Sjå også på revisjon frå 2009 om den har virka
- Bli fråfall registrert på korrekt måte, annleis enn i andre fylke

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Arkivering og journalføring» og «Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.08.2017 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.